

SKODJE KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordfører
Rådmann
Revisor

Medlemmane av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SKODJE KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

Tysdag 26. juni kl. 17.30 på Skodje Rådhus

SAKLISTE:

- Sak 13/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 24.05.2018
- Sak 14/18 - Forvaltningsrevisjonsrapport «Saksutgreiing og oppfølging av politiske vedtak i Skodje kommune».
- Sak 15/18 - Orientering om kommunale byggeprosjekter ved Vidar Hofseth.

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post <mailto:bjorn.tommerdal@sksiks.no>

Rolf Liebich
leiar
(sign.)

Sak 13/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 24.05.2018

KONTROLLUTVALET I SKODJE KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 25.05.2018, kl. 17.30 – 19.30

Møtestad: Skodje rådhus

Møtet vart leia av Rolf Liebich.

Elles til stades: Inge Øye og Janne Gommesen.

Pål Aarsæther hadde forfall. Elise Backlund Stavset hadde ikkje meldt forfall,

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå Kommunerevisjon 3 møtte revisor Svein Ove Otterlei.

Frå kommunen møtte ordførar Dag Olav Tennfjord, rådmann Kristian Skålhavn og økonomisjef Lars Fylling.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Sak 08/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 11.04.2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 11. april 2018 blir godkjent.

Sak 09/18 - Årsmelding 2017 - Skodje kommune.

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 18.05.2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Sak 10/18 - Årsrekneskap 2017 - Skodje kommune.

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 18.05.2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

uttale til kommunestyret :

1. Skodje kommune sin rekneskap for 2017 blir godkjent.
2. Kontrollutvalet rår kommunestyret til å sjå nærare på rutineane for kontroll og etterleving av regelverket for offentlege innkjøp.

Sak 11/18 - Årsrekneskap 2017 - Fellesnemnda Nye Ålesund.

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 18.05.2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Sak 12/18 - Rutinar knytt til kontroll og oppklaring hos underleverandørar.

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 18.05.2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Eventuelt: I neste møte vil ein be kommunens prosjektkonsulent Vidar Hofseth gje ei orientering kring problemstillingar som vart diskutert i sak 12/18.

Neste møte blei avtalt til tysdag 26. juni, kl. 17.30, kommunehuset

Rolf Liebich
leiar
(sign.)

Inge Øye
nestleiar
(sign.)

Janne Gommesen
medlem
(sign.)

Sak 14/18 - Forvaltningsrevisjonsrapport «Saksutgreiing og oppfølging av politiske vedtak i Skodje kommune».

Som pdf vedlegg følger:

- Forvaltningsrevisjonsrapport nr. 1/2018: Saksutgreiing og oppfølging av politiske vedtak i Skodje kommune.

Bakgrunn:

Ved behandling av kommunestyresak 12/13: Plan for forvaltningsrevisjon – Skodje kommune, vart det 19.03.2013 gjort følgjande vedtak:

Tema i plan for forvaltningsrevisjon blir vedteken i følgjande prioriterte rekkefølge:

1. Kvalitet saksutgreiingar/oppfølging av politiske vedtak.
Kontrollutvalet får fullmakt til å vedta nærare prosjektinnhald.
Kontrollutvalet får tilsendt rapportar frå arbeidsgruppa for total driftsgjennomgang 2013.
Prosjektskisse er vedteken i møte i kontrollutvalet i januar 2016.

Hovudfunn i undersøkinga

Kommunerevisjon 3 seier i rapporten:

Etter vår vurdering har Skodje kommune etablert gode rutinar for sakshandsaming, og vi har ikkje avdekka at desse ikkje blir følgde. Vi vurderer det vidare slik at det ser ut som om Skodje kommune har etablert gode dialogformer mellom administrasjon og politisk leiing. Skodje kommune har etablert rutinar for oppfølging, iverksetting og rapportering tilbake til kommunestyret på status for vedtak.

Kontrollutvalsekretariatet sluttar seg til denne vurderinga og ynskjer å fremheve kommunens flate struktur og korte avstand mellom politisk og administrativ ledelse. Den høge tilliten mellom kommunestyret og administrasjonen bør også framheves som noko positivt ved Skodjes styringsmodell.

Avslutning

Som Kommunerevisjonen vil kontrollutvalsekretariatet også tilrå at:

Det blir vurdert å endre mal for saksframlegg slik at punkta som rutinen seier at saksframlegg skal innehalde, er eigne overskrifter. Det vil gjere det lettare å ha kontroll med at saksframlegga er i tråd med rutinen.

Det blir vurdert å leggje inn eit eige punkt i rutine og mal som til dømes kan vere «Alternative løysingar med konsekvensar».

Det blir vurdert om status på såkalla oversendingsforslag og skal vere med i den faste halvårlege rapporteringa på politiske vedtak.

Det blir vurdert om rutinen for rapportering bør endrast slik at det i tillegg til status på vedtak i førre halvår i tillegg og skal vere med status på alle eventuelle tidlegare vedtak som ikkje er kvittert ut ved tidlegare statusrapporteringar.

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapporten og saksopplysningane legg kontrollutvalet saka lagt fram for kommunestyret med slik

Innstilling:

1. Skodje kommunestyre tek Forvaltningsrevisjonsrapport nr. 01/2018: "Saksutgreiing og oppfølging av politiske vedtak i Skodje kommune" til vitande.
2. Skodje kommunestyre ber rådmannen leggje fram ei eiga sak for kommunestyret i høve dei tilrådingar ved saksutgreiing og oppfølging av politiske vedtak som rapporten foreslår.

Bjørn Tømmerdal
dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Sak 15/18 - Orientering om kommunale byggeprosjekter ved Vidar Hofseth.

Bakgrunn:

Frå møteboka 25. mai 2018.

Eventuelt: I neste møte vil ein be kommunens prosjektkonsulent Vidar Hofseth gje ei orientering kring problemstillingar som vart diskutert i sak 12/18.

For kontrollutvalet sine vurderingar og eventuelt vidare arbeid er det nødvendig å motta ei nærare orientering frå rådmann/prosjektleder.

Saka vert etter dette lagd fram utan tilråding til vedtak.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS